

A dense, sprawling school of fish, likely mackerel or sardines, swims across the entire page. The fish are silvery-blue with dark vertical stripes and are densely packed, creating a sense of movement and depth. The background is a deep, clear blue.

ÅRSRAPPORT 2021

Styreleders ord

Nok et godt sjømatår er gått. Til tross for utfordringer med korona, manglende soneadgang for makrell og stengt loddefiske ble det et godt år med nye rekorder.

2021 ble tidenes beste år for norsk sjømateksport. Framtiden vil bli preget av krigen i Ukraina, og jeg må poengtene at jeg først og fremst er opptatt av de humanitære forholdene for krigens ofre. For fiskerinæringen ligger usikkerheten fremover i hvordan forhandlingene med de andre kyststatene påvirkes, det norsk-russiske samarbeidet både på flåtesiden og i fordeling av kvoter og hvordan sjømateksporten påvirkes. Russland, Ukraina og Hviterussland er viktige konsummarkeder for sild, makrell og lodde, men pelagisk fisk har vist seg å klare seg godt i krisetider.

Likestilling og trakassering

I løpet av fjoråret var det stort fokus på mobbing og trakassering av kvinnelige fiskere og kvinner i næringen. Dette har både jeg og resten av styret tatt alvorlig. Det er uhørt at det skal foregå trakassering i næringen vår og foreningen har iverksatt ulike tiltak både for å bekjempe dette og for å ivareta kjønnsbalansen i foreningen. Det er åpenbart at det må være nulltoleranse for trakassering, og en bedre kjønnsbalanse styrker både næringen og rekrutteringen.


Nye koster - ny kvotemelding

Med regjeringsskifte i høst kom også beskjeden om at det blir en ny kvotemelding. Da foreningen ble stiftet i 2011, var det fordi flere fiskebåtredere ønsket å løfte fram viktigheten av mangfold i fiskerinæringen. Skal vi ha aktivitet, arbeidsplasser og levende lokalsamfunn langs kysten? Eller skal vi ha få, store og fjerne fiskeriselskaper med superprofitt? Pelagisk Forening har vært et viktig motstykke og en premissgiver i denne debatten. Vi

har jobbet hardt for å bevare en næring som bidrar til aktivitet, arbeid og levende lokalsamfunn, og som skaper arbeidsplasser langs hele kysten. Dette arbeidet er like viktig nå som nye rammevilkår blir lagt med ny regjering og ny kvotemelding. Posisjonen som Pelagisk Forening har etablert skal brukes til å fortsette å løfte fram betydningen av fiskerinæringen for å skape vekst og utvikling, også i dette arbeidet.

Havvind-energi til Europa på bekostning av klimavennlig mat

Norsk villfisknærings er en framtidsnærings og en leverandør av sunn og bærekraftig mat. At næringen er en blå-grønn næring kan ingen betvile. For eksempel kan du spise 40 ganger mer sild enn storfekjøtt for samme mengde utslipps. Men vi må bli flinkere til å fortelle om dette og hvordan og hvor fiskeriet foregår. For det er stadig kamp om arealet der fiskeriene finner sted. Det jobbes og lobbies hardt for å etablere havvind på fiskefeltene. I utgangspunktet er Pelagisk Forening positiv til andre nærlinger og aktivitet på havet. Det er med på å gi næringslivet langs kysten flere ben å stå på og skaper aktivitet og arbeidsplasser på norskekysten, noe som er helt i tråd med Pelagisk Forening sitt mål. Men aktiviteten må ikke være til hinder for fiskerinæringen eller til skade for fisken og gytte- og oppvekstområdene. Det er vi ikke alene om å mene. Ifølge forarbeidene til havenergiloven er det avgjørende at en satser på havenergi lar seg forene med god sameksistens med fiskeriinteressene. Havforskningsinstituttet etterlyser også en helhetlig forskningssatsning på miljøeffekter av vindkraft til havs. Hvis HI skal rekke å gi kunnskapsbaserte råd i tide, haster det med å få på plass dette.



Blåøyd forslag om grønnere fiskeflåte

I klimaplanen ble det som kjent foreslått en tidobling av CO₂-avgiften. Dette vil få konsekvenser både for hvor mye klimavennlig mat fiskerne leverer, og for flåtens struktur og sammensetning. I sum vil det ikke gi lavere utslipp. Skal vi fortsette å være en grønn leverandør av sunn og bærekraftig mat, er ikke løsningen å kreve inn avgifter som gjør det vanskeligere for fiskeflåten å investere i energieffektive tiltak. Det er ikke enkelt å flytte grønne løsninger ut på det store, blå havet. Før det kan komme endringer i CO₂-avgiften, må vi derfor ha fått ny teknologi på plass, og konsekvensene for fiskeflåten og fangstmønsteret må utredes grundig.

Vi trenger et jevnere loddefiske

I 10 år har Pelagisk Forening jobbet for å implementere «Islandsmodellen» i loddefisket i Barentshavet. Målet har vært at det skal fastsettes en minimumskvote som oppjusteres hvis resultatene fra gytetoktet tilsier det. Etter press fra næringen har Havforskningsinstituttet de fire siste årene overvåket gyteinnsiget på loddet om vinteren i Barentshavet. I Reykjavik i juni blir det gjennomgang av metodikken for bestandsrådgivning og Norge kommer til å foreslå en endring som skal åpne for at bestandsrådgivningen for lodde i Barentshavet blir slik rådgivningen på Island er. Jeg mener at årets loddekvote har ingen sammenheng med størrelsen på bestanden og det er på høy tid at denne endringen kommer og at vi ser resultater av jobben vi har nedlagt. Aktivitet langs kysten og et bærekraftig uttak av bestandene er hva Pelagisk Forening er tuftet på. Og loddet er et viktig bidrag til nettopp dette.

Til slutt vil jeg takke engasjerte medlemmer, styremedlemmer og ansatte for et godt fiskeriår, tross korona og andre utfordringer i året som gikk!



Kristian Sandtorv

KRISTIAN SANDTORV
STYRELEDER

Styremelding 2021

I skrivande stund er det ein månad sidan det blei krig mellom Russland og Ukraina. Styret er svært uroa over dei menneskelege lidingsane krigen medfører.

Ringnotbåten «Krossfjord» starta spontant innsamling til Røde Kors sitt arbeid i Ukraina. Innsamlingsaksjonen har gitt gode resultat. Pelagisk Forening støttar sjølvsagt tiltaket.

Styret er òg uroleg for kva konsekvensar krigen vil føra til for fiskerinæringa, både for eksport av sjømat, arbeidsplassar, fiskerisamarbeid med Russland m.m.

Trass i koronasituasjonen har Pelagisk Forening hatt eit aktivt år i 2021/22. Koronasituasjonen blei etter kvart ein kvar dag, og styret og sekretariatet har tilpassa arbeidsforma til den nye situasjonen. Medlemsfartøy har opplevd koronasmitte om bord. Heldigvis har ikkje medlemmer, tillitsvalde, tilsette eller mannskap blitt alvorleg sjuke, så vidt foreininga kjenner til. Fiskarane viste nok ein gang stor evne til å ta utfordringar på strak arm. Det viste seg at pelagisk sektor ikkje har opplevd dramatiske negative konsekvensar, og marknad og prisar har i det store og heile vore bra. Det er gledeleg at det blei ny eksportrekord, for norsk sjømat, i 2021. Det er ei glede for Pelagisk Forening at fiskerinæringa går godt, og vi har til mål å bidra til å skape aktivitet og ringverknader langs heile kysten. Pelagisk Forening har vore i møte med alle politiske parti i 2021. Styret ser på slike møte som svært positive, og som ein god måte å fremje foreininga sine synspunkt på.

Som alle veit fekk Noreg ei ny regjering, og ein ny fiskeriminister, i 2021. Pelagisk Forening har vore i fleire møte med fiskeriminister Skjæran. Styret ser på slike møte som svært positive, og opplever at foreininga blir lytta til.

Pelagisk Forening har delteke på relevante arenaer, bygd relasjoner, og samarbeidd med myndighetene, og andre i næringa. Styreleiar, styremedlemmer, representantskapsordføraren, og sekretariatet har hatt mange møte med politikarar. Dette både på Stortinget, i lokala til Pelagisk Forening, på ulike partikontor, på Arendalsuka, og på digitale plattformer.

Styret har hatt 13 styremøte i 2021. Koronasituasjonen har «tvinka» styret til å ha digitale møte. Ein føremon med digitalisering er at det er enklare å h styremøte. Styret har òg kunne hatt møte på kort varsel, når det har dukka opp saker somasta.

Tilhøve knytt til likestilling, og trakassering, fekk mykje merksemd i 2021. I året som har gått har Pelagisk Forening arbeidd bevisst med desse problemstillingane. Styret har vedtatt etiske retningslinjer for tilsette og tillitsvalde. Styret har òg fremja forslag om revisjon av vedtekten, det det blir foreslått at brot på etiske retningslinjer kan føra til eksklusjon. Styret har behandla dette ved fleire høve for å handtere problemstillingar knytt til likestilling og trakassering på ein mest mogleg profesjonell måte, og for at alle skal ha eit bevisst forhold til dette, og for at Pelagisk Forening skal bli ein så god organisasjon som mogeleg.

Nye medlemmar

I januar 2022 fekk Pelagisk Forening to nye medlemmar. Dette er Bjørnar Jonassen, Vidjenes AS, Båtsfjord. Før hadde dei båten «Kildin». Reiarlaget bygger ny båt, «Julie Pauline», som blir ferdig i løpet av året.

Einar Bøen, Bøen AS, har båten «Bøen». Båten har heimehamn i Erfjord i Suldal kommune.

Begge høyrer til i gruppa stor kyst.

Styret ønsker både to hjarteleg velkomne!

Lodda

I fleire år har styret hatt fokus på å få i gang loddefiske i Barentshavet. Loddefiskeri er noko som er av stor interesse for medlemmane. Foreininga arbeider målretta for å styrke forskinga, og for å få ein fast årleg kvote. Dette for å «vedlikehalde» marknaden, og for å få fangstdata inn som ein del av forskinga.

Styret har såleis hatt stort fokus på loddefisket i 2021, og er glade for at myndighetene opna for loddefiske i 2022. Pelagisk Forening kjem til å fortsetja arbeidet for at det blir loddefiske i Barentshavet kvart år.

I skrivande stund er loddefisket i Barentshavet snart over, og det er gledeleg at det har vore eit godt fiskeri, og at det er observert mykje lodka. Pelagisk Forening har òg stilt spørsmål ved om det er rett at kvoten er så låg.

Det er gledeleg at Hafvforskingssinstituttet har varsla at dei vil foreslå for ICES at loddegytetokt kan brukast i bestandsrådgjevinga. Dette viser at Pelagisk Forening sitt langvarige fokus på loddefiskeriet i Barentshavet gjev resultat. Det var stor optimisme då det blei fastsett ein svært stor loddekvote i islandsk økonomisk sona. Diverre blei sesongen ikke så god som den burde vore. Det var vel få som trudde at loddeprisane skulle bli like gode i 2022 som i 2021, men det har likevel vore ein skuffande sesong, då ca. 50 000 tonn av kvoten ikke blei fiska. Mykje årleg vêr er ei av årsakene til den dårlege sesongen. Vel så viktige årsaker er Island si systematiske diskriminering av norske fiskarar, sett i høve til eigne fiskarar. Diskrimineringa går på at norske fiskarar har kortare lovleg fiskesesong, ikke får bruka trål, ikke får fiska sør for 64.30-graden, og berre får ha 30 båtar i fiskeri samstundes.

Diskrimineringa, og fiskeriavtalen, gjer at islandske fiskarar kan fiska ufiska del av norsk kvote.

Makrell

Som kjent førte Brexit til at norske fartøy ikkje hadde høve til å fiska makrell i britisk sektor i 2021. Det har vore vanleg i mange år, og det var difor knytt stor spenning til om Noreg ville klara å fiska den store makrellkvoten sin.

Norske fartøy klarte å fiska ca. 92 % av den norske makrellkvoten. Dette gjer Noreg eit godt utgangspunkt i årets makrellforhandlingar.

Nye fiskemønster medførte sjølv sagt fleire leitedøgn, men noko av bunkerskostnadane med dette blei kompensert med kortare seglingar.

I denne ekstraordinære situasjonen fekk Noreg nytte av ein flåte med stor kapasitet. Utan ein slik flåtestruktur hadde det neppe lett seg gjera å fiska nesten heile den norske kvoten.

Fiskeriinteressene vs vindturbinar i fiskefelt

I Noreg er det sterke krefter som jobbar intenst med å få bygd vindturbinar til havs, og det synest som om turbinane ikke kan bli bygd raskt nok. Styret er ikkje prinsipielt imot vindturbinar til havs, men meiner at turbinane ikke må hindra fiskeri, og at konsekvensane for livet i havet må avklarast før eventuell utbygging. Styret har òg merka seg at HI etterlyser konsekvensutgreiing før eventuell plassering av vindturbinar. «Føre-var-prinsippet» gjeld ved forvaltninga av fiskeressursane i havet. Styret synest det er underleg at ikke same prinsipp òg skal gjelda ved bygging av vindturbinar på havet.

Pelagisk Forening har sagt tydeleg frå om at omsynet til fiskeriinteressene må vege tyngst i tilfelle arealkonflikt.

CO₂-avgift

Myndighetene har vedteke ein dramatisk auke i CO₂-avgifta. Styret ønskjer sjølv sagt eit mest mogleg miljøvennleg fiskeri, men meiner at mange ikke ser heilskapen i endringane.

Foreininga har hatt møte med myndigheter og politikarar. Pelagisk Forening har mellom anna gitt uttrykk for at det ikkje finst realistiske alternativ til dagens teknologi, og at eit samla høgt avgiftsnivå i fiskeflåten vil gå ut over investeringar i klimavennleg teknologi og innovasjon. Marginale fiskeri, med klimavennleg matproduksjon, vil kunne bli ulønnsame, det vil bli meir strukturering, større sesongtoppar, og negative verknader for landindustrien og distrikta. I ytste konsekvens vil somme fiskeri kunne bli avvikla. Folk må framleis ha mat, og opphør av fiskeri vil kunne føra til at det blir produsert meir av annan mat som er mindre miljøvennleg.

Høyringar

I året som har gått har Pelagisk Forening levert inn ei rekke høyringssvar. Det er òg fleire høyringar som er vurdert, men som foreininga har valt å ikkje svara på, når desse høyringane har vore av mindre interesse for aktiviteten til medlemmane. Foreininga har m.a. svart på høyringar om forslag om innføring av eigarkonsentrasjonsreglar i kystfiskeflåten, ny forskrift om prøvetaking av industrifangstar ved landing, endring av havressurslova § 54 om administrativ inndraging, ny forskrift om fiskeriløyve og kvotefaktorar, pensjonstrygd for fiskarar m. fl.

Pelagisk Forening i internasjonale forhandlingar

Pelagisk Forening har delteke i dei internasjonale forhandlingane om dei pelagiske artane sild, makrell og kolmule.

Pelagisk Forening var representert ved Lena Brungot og Ola Christian Olsen. Styret opplever at deltaking har vore svært nyttig, og mange medlemmer har hatt stor interesse av forhandlingane.

Medlemsmøte og representantskapsmøte

På grunn av smittevernreglane blei det årlege representantskapsmøtet halde digitalt, og berre med årsmøtesaker. Styret trur at både medlemmar, og gjester, set

pris på at foreininga no kan halda fysisk møte.

I mars 2021 arrangerte Pelagisk Forening møte om tobisfiskeriet.

I juni arrangerte Pelagisk Forening evalueringsmøte av tobissesongen.

Pelagisk Forening har òg arrangert møte om loddefiskeri. Tema var om loddebestanden i Barentshavet blir kartlagt grundig nok, om kartlegginga treff, om det er behov for «speiderfartøy», og om flåten bør engasjera seg, og bidra til betre kartlegging. Resultat av gytetoktet, organiseringa av fisket i IØS, mogeleg finansiering, og samarbeid med forskarar. I mai blei det arrangert webinar om makrell.

Styret vil takke bidragsytarane, innleiarane, foredragshaldarane, og deltakarar for gode innlegg.

FUR

I år som tidlegare år har Pelagisk Forening delteke i Fagleg utval for ressursforskning (FUR). FUR har hatt eit digitalt, og eit fysisk møte i 2021. Pelagisk Forening er mellom anna opptekne av lodde, sild og sjøpattedyr, og arbeider for at næringa skal ha påverknad på prioritering og utføringa av tokta til Havforskinsinstituttet. Dette inkludert kva midlar frå forskingsavgifta skal brukast til.

Styret finn det naturleg at FUR m.a. set fokus på pelagiske artar, sjøpattedyr og loddefisket i Barentshavet framover.

Styret takkar Rose Mari Berge for det gode arbeidet ho gjer i FUR.

Kvotemelding 2.0

Med ny regjering blei det varslet ny stortingsmelding om kvotesystemet. Denne blir ofte kalla «Kvotemelding 2.0». I denne samanhengen er det ei offentleg oppnemt referansegruppa. Eirin Roaldsen representerer Pelagisk Forening i referansegruppa.

Pelagisk Forening kjem til å fortsetja å arbeide for å fremja medlemmane sine interesser. Som ved kvotemeldinga vil



KRISTIAN SANDTORV
STYRELEIAR



OLA CHRISTIAN OLSEN
NESTLEIAR



MARIT HAMRE
STYREMEDLEM

foreininga arbeida for at strukturkvoteane skal falle tilbake til gruppa der strukturkvoteane kom frå, når strukturtida er gått ut. Dessverre blei det vedteke samanslåing av pelagisk trål og ringnot. Styret ser det som viktig at samanslåinga korkje går ut over ringnot eller pelagisk trål. I høyringa om fiskeriløyve og kvotefaktorar har Pelagisk Forening levert sine synspunkt for å dempa negative konsekvensar av samanslåinga.

Sekretariatet

Sekretariatet har bestått av dagleg leiar Mariann Frantsen, og advokat Ask Økland. Laget blei styrkt med Lena Brungot, som tok til i februar 2021. Styret er tilfreds med servicen sekretariatet yter til styret og medlemsreiarlaga i mange ulike spørsmål i samband med drifta av fiskefartøy. Styret er òg nøgde med måten sekretariatet følgjer opp vedtatt strategi på. Pelagisk Forening er heilt avhengig av eit godt fungerande sekretariat, og styret er særstilt tilfreds med at sekretariatet har klart å yte minst like god service som tidlegare, sjølv om koronasituasjonen har medført ekstra arbeid, og praktiske vanskar med heimekontor og liknande.


Styret er òg svært nøgde med at kompetansen i sekretariatet har ført til at reiarlag har meldt seg inn i Pelagisk Forening. Diverre har Lena Brungot ønska å mònstra av, og gå tilbake til NFD.

Styret har tilsett Mia Høgi som seniorrådgjevar. Mia har ti års praksis fra Fiskeridirektoratet, og byrjar i foreininga 2. mai. Advokatforeningen sitt hovudstyre har oppnemnt Ask Økland som medlem av Advokatforeningen sitt lovutval for Fangst, Fiskeri og Havbruk. Vervet er personleg. Dette er første gang eit medlem frå ein fiskeriorganisasjon er med i eit av Advokatforeningen sine lovutval. Styret ser på dette som ei anerkjenning av Pelagisk Forening si interne kompetanse.

Styret gler seg over eit høgt aktivitetsnivå. Det har vore eit godt og aktivt år for medlemmane av Pelagisk Forening!



TORBJØRN VEA
STYREMEDLEM



ANDREAS LEINE
STYREMEDLEM



ROY SKAAR
STYREMEDLEM

Klimakrav for fiskeflåten

Også fiskeflåten må svare på klimakrav fra samfunnet. Men er det gitt at klimakrav til fiskeflåten skal settes som et konkret tall for totalt utslipp målt i CO₂-ekvivalenter?

Norge er forpliktet til å kutte utslipp av klimagass. Innen 2030 skal utslipp fra ikke-kvotepliktig sektor være minst 40% lavere enn i 2005. Fiskeflåten tilhører denne sektoren. Vi må snarest få klarhet i hva forpliktselsen betyr for fiskeflåten. Det er usikkerhet i flere dimensjoner. Men noe er likevel nokså krystallklart.

Hvilke klimakrav skal fiskeflåten levere på?

Det er i fiskerinæringa sin soleklare egeninteresse å ta klimautfordringa på største alvor. Men kan fiskeflåten sitt aller viktigste bidrag for klima være å maksimere uttaket fra fiskebestandene? Å kreve 40% reduksjon i utslipp uten hensyn til variasjon i fiskebestandenes størrelse og utbredelse, er feilslått som klimatiltak.

Før vi setter bastante og konkrete måltall for fiskeflåtens klima-leveranse, trenger vi en ryddig og open-minded tilnærming til hvordan fiskeflåten best kan bidra. Vi har verken tid eller råd til noe annet.

Teknologi og alternative energibærere

Energitettheten til fossilt drivstoff er 10 ganger større enn for hydrogen. Forenklet kan man påstå at det foreløpig er få eller ingen alternative energibærere som faktisk kan gi betydelig og kostnadseffektiv utslippsreduksjon. En drøy påstand, men med utgangspunkt i energitetthet så sier det seg selv at energibehov og valg av energibærer er en betydelig

dimensjonerende faktor for framtidens fiskefartøy. Hvis det nye fiskefartøyet må bygges 10 meter lengre for å få plass til samme mengde energi, så kan mye av klimagevinsten gå tapt ved at det totale energibehovet øker. Og hva med distribusjonskanaler for ulike alternative energibærere? Men noe kan gjøres, også på energieffektivitet.

Snart 2030

Kalenderen skiftet nettopp fra 2021 til 2022, og vi er nærmere 2030 enn 2005. Er det i det hele tatt mulig å levere på et krav om 40% utslippsreduksjon?

Mye tyder på at utviklinga på teknologi og alternativt drivstoff ikke rekker å hjelpe oss i mål innen 2030. Jo nærmere vi kommer 2030, jo mer hodeløse kan vi bli. Men det hjelper neppe klima om vi tyr til løsninger som isolert sett gir lavere utslipp, hvis vi samtidig øker det totale energibehovet og i tillegg reduserer uttaket av klimavennlig mat. Alt henger som kjent sammen med alt.

Hva kan vi gjøre inntil videre? Altså mens vi utvikler ny teknologi og bedre løsninger for å ta i bruk alternative energibærere.

Er CO₂-avgift bra for klima?

Er det fornuftig å pålegge fiskeflåten CO₂-avgift bare fordi «forurensner betaler» og ut fra teorien om at ei slik avgift «gir



“

Det er særlig kritisk
at et klimamål om 40%
utslippsreduksjon ikke tar
innover seg at fiskeflåten
ikke går i rute fra A til B.

forurensar økonomisk incentiv til å redusere utslippet»? Isolert sett vil det kanskje få ned utslippet. For det er klart, fiske etter ulike fiskeslag blir gradvis ulønnsomt når kostnaden for drivstoff øker. Eller som det heter på fint, fiske etter marginale arter vil opphøre. Og da forbruker vi mindre drivstoff totalt sett. Ideelt skulle CO₂-avgiften gitt en såkalt substitusjonseffekt, der fiskeflåten «switchet» over på nullutslippsløsninger og teknologi som reduserte energibehovet. Men fullt så enkelt er det dessverre ikke. Det er mulig vi framstår som både teknologi-pessimister, klimafornektere og lite villige til å ta vår del av regninga, men selv med lave kvoter og gode fangstforhold vil vi få kunne utfordringer med å nå ei målsetting om 40% utslippsreduksjon fra fiskeflåten innen 2030.

Usikkerhet i utslippsmål

Hva som var fiskeflåtens utslipp målt i CO₂-ekvivalenter i 2005 er, tro det eller ei, nokså usikkert. Man skulle tro at vi kunne ta utgangspunkt i offentlig statistikk. Tall fra både SSB, Fiskeridirektoratet og Garantikassen for fiskere gir indikasjon på utvikling i flåtens klimautslipp fra forbrenning av fossilt drivstoff. Likevel er det så store sprik i disse tallene, at flåten hadde vært i mål allerede i 2006 om vi målte SSB sine 2006-tall opp mot Fiskeridirektoratet sine tall for 2005. Det er derfor nesten åpenbart at det må på plass bedre tall på utslipp, før fiskeflåten kan være forpliktet til noe som helst.

Heldigvis er det litt mer sikkerhet knyttet til tall som viser utslippsreduksjon som følge av overgang fra freon til mer klimavennlige kjølemedium som ammoniakk. Det kan i alle fall se ut som at fiskeflåten kan godskrive en reduksjon på i overkant av 360.000 tonn CO₂-ekvivalenter fordi vi har sluttet å bruke freon. Dette tilsvarer en reduksjon i klimagassutslipp på 24% med utgangspunkt i Fiskeridirektoratet sine tall for forbruk av fossilt drivstoff i 2005.

Usikkerhet i aktivitet

Det er særlig kritisk at et klimamål om 40% utslippsreduksjon ikke tar innover seg at fiskeflåten ikke går i rute fra A til B. Vi vet jo fint lite om hvordan fangstsituasjonen vil være i 2030. Vi legger selvfølgelig vår lit til at vi forvalter bestandene på en

bærekraftig måte, og krysser fingrene for adgang til å fiske der og når fisken er best tilgjengelig (altså for eksempel ingen reprise av makrellsituasjonen i 2021). Men, hvor mye vi fisker i 2030 og hvor, det er det i beste fall bare havforskerne som vet. Og kanskje en og annen brite, russer, islander og EU-borger.

Villfisk en krystallklar klimavinner

Det vi imidlertid kan være sikker på, er at norsk villfisk er så godt som det mest klimavennlige animalske proteinet vi mennesker kan finne på å spise. Sildas klimaavtrykk på 0,9 kilo CO₂-ekvivalenter pr kilo spiselig vare, klarer selv ikke agurken å måle seg med (framtid.no). Og selv om bunnfiskkartene kommer litt dårligere ut enn våre pelagiske klimavinnere, så er altså norsk villfisk så til de grader best i klassen. Dette er godt dokumentert. Norsk villfisk er altså viktig for klimaet.

Villfisk er ikke bare klimavennlig. Behovet for mat øker, og mat fra havet er også viktig i et matvareperspektiv. De siste 20 årene har norske fiskere årlig landet mellom 2,2 og 2,7 mill tonn. Det er store tall, og alt har ikke gått til menneskemat. Men kan det likevel si oss noe?

Og hva med havvind-industrien?

Det er åpenbart at vi trenger mer fornybar og klimavennlig energi. Det er likevel unødvendig å utbrodere vår bekymring for at havvindparkene skal få negative konsekvenser for fiskebestandene.

Men fordi villfisk er klimavennlig mat, bør utredning av mulige konsekvenser av havvind-industrien være et absolutt krav fra flere enn fiskerne.

Arve Myklebust

ORDFØRER, PELAGISK FORENING

Eirin Roaldsen

REPRESENTANT, PELAGISK FORENING

Fisk tatt av vinden

Det skjer på havet nå. Store arealer blir beslaglagt uten en overordnet plan og konsekvensutredning. Nå jaktes det på et nytt industrieventyr og mer fornybar energi. Samtidig ser det ut til at man er villige til å ofre noe av verdens mest klimasnille matproduksjon.

Kampen om havet strammer seg til, og verre skal det bli. DNVs rapport «Ocean's Future to 2050» snakker om en nidobling i etterspørselen etter havareal innen 2050. Forskningsleder for hav i DNV, Bente Pretlove, sier havet vil bli en arena for et kappløp vi aldri tidligere har sett. Vi opplever nå et voldsomt hastverk. Mantraet til politikere og havvindindustri er at det haster.

Havvindindustrien er utålmodig og regjeringen har ambisjoner om å korte ned tiden frem til turbinene er på plass både på Utsira Nord og Sørlige Nordsjø II. Klimaperspektivet framstår nærmest som glemt.

Vi må konsekvensutrede

Sørlige Nordsjø II og Utsira Nord er åpnet for utbygging av havvind. Disse to områdene er til sammen større enn Hardangervidda nasjonalpark. Fiskeriene må vike, og konsekvensen for fisk og økosystem er uklare. Fiskerinæringen etterlyser en skikkelig og grundig konsekvensutredning. Vi må vite mer om hva utbygging av havvind betyr for livet i havet. Hayforskingstituttet skriver i en kronikk at nye vindkraftanlegg er planlagt langs det som er «motorveien» utenfor norskekysten for fiskeegg og -larver som er på vei nordover til oppvekstområdene, og at vi ikke vet hvilke effekter det kan ha.

Mat versus industrieventyr

I iveren etter å være grønne må vi ikke ende opp med å ofre klimavennlig mat i jakten på å skape et nytt industrieventyr! For det kan virke som om mange glemmer at fiskeri er en havnæring som leverer mat som sunn og bærekraftig mat med lave utslipp, og som er en del av det grønne skiftet. Fiskeflåten sitt aller viktigste bidrag for klima, nå og framover, er å maksimere uttaket fra fiskebestandene. For fisk er mat. Norsk fiskerinæring gir verden 22 millioner måltider villfisk hver dag. En sildefilet har et rekordlavt CO₂-avtrykk. Du kan spise 40 ganger mer sild enn storfekjøtt for samme mengde utslipp. Alternativet til å høste klimavennlig mat fra havet, vil kreve betydelige arealer med matjord som fortrenger annen matproduksjon.

Gambling med matfatet

Det er ikke vanskelig legge fram fakta og argumentere for villfisk som suveren klimavinner når det gjelder mat. Behovet for mat øker, og mat fra havet er derfor også viktig for matsikkerheten. Norske fiskere lander 8 milliarder måltider årlig. Og fordi villfisk er klimavennlig mat, burde en utredning av mulige konsekvenser av havvindindustri være et krav fra flere enn fiskerne.



Mariann Frantsen
DAGLIG LEDER

Mob.: 470 33 100
mariann@pelagisk.net



Ask Økland
ADVOKAT

Mob.: 468 43 164
ask@pelagisk.net



Kristian Sandtory
STYRELEDER

Mob.: 952 20 041
kristian@havdron.no



Pelagisk Forening
Slottsgaten 3, 5003 Bergen

post@pelagisk.net
pelagisk.net